

litt om serien

## Heime hos oss, så...

Det er alltid spanande å kome inn i ein ny heim. Korleis er det her? Korleis ser det ut? Kva gjer dei på? Kva er tonen her og kva er dei opptekne av, dei som bur her?

Rytmar og vanar dannar seg i ein kvar heim, og desse er med å seie noko om kva som er viktig og prioritert: Kva er typisk i denne heimen.

Når NT skildrar det kristne fellesskapet – kyrkja, så er ordbruken ganske så familiær. Dei kristne dannar saman ein trusfamilie og kyrkja er som ein heim. Vi har Gud til far og er - i trua - kvarandre sine søskan. Og då må vi jo spørje: Kva er typisk i ein slik heim?


Denne serien vil løfte fram 6 gode vanar/praksisar for eit kristent fellesskap. For ein ting er heilt sikkert. Vi samlast ikkje i fellesskapet berre fordi vi har informasjonsbehov om åndelige ting. Nei, vi samlast for at trua på Jesus kan få form og uttrykk. Denne serien sit viktigaste siktemål er å etablere nokre viktige truspraksisar for oss som nytt fellesskap. Slik at vi alle kan seie: heime hos oss, så...

litt om tema:

## .. hjelper vi kvarandre

Det er fiffig kor ulike vi er i ein familie. Ulike styrkar, svakhetar, ulike interesser og ulike personlegdomstypar. Tank at barn med same foreldre, som har vokse opp i same miljø, kan likevel utvikle så ulike interesser og vere så forskjellige. Slik er det også i trusfamilien. Vi er alle lemmar på ein kropp, byggjesteinar i eit levande bygg. Nådegåvene er gjevne for at vi skal kunne tene kvarandre så det vert til oppbygging i livet. Trivsel kan vere ein indikator på at du gjer noko du er utrusta til. Vi er kalla til å tene kvarandre, tene Gud og delta i hans misjon i verda. Og vi har ansvar for å sleppe til andre sine gåver både i liva våre og i fellesskapet. Dette gjeld ikkje berre når alt går på skinner, men også når livet ikkje går som du hadde tenkt. Kanskje spesielt då!

# .. hjelper vi kvarandre



Bibel

### 1.Pet 4, 7-13 Spørsmål til teksten:

1. Kva er det Peter framfor alt bed mottakarane fokusere på, og kvifor trur du dette er viktig for det kristne fellesskapet? Korleis kan vi misforstå v 8 om vi ikkje les det i samanheng med evangeliet om Jesu forsoningsverk på korset?
2. Kva er skilnaden på å «eige» evnene sine og å vere *forvaltarar av Guds mangfaldige nåde*? Og kvifor er det understreka i vers 11 at *slik skal Gud i eitt og alt få ære*, trur du?



Misjon

### Gjennom deg og vidare

Peter bed mottakarane om ikkje å bli overraska over «eldprøva» dei står i. Korleis kan nådegåvene vere med på å spreie Guds rike når folk har det vanskeleg? Korleis kan du sjølv ha glede av andre sine nådegåver i vanskelege tider?



Fellesskap

### Den ærlege samtalen:


1. Kva tenkjer du er dine nådegåver? Får du brukt dei? Om du er usikker, kan du tenkje på kva som ligg lettare for deg enn andre, kva du trivst med å gjere.
2. Om evnene våre er Guds gåver, som vi forvaltar, kva plass har då *janteloven* i eit kristent fellesskap?



Rauhset

### Takksam deling

*Ver gjestfrie mot kvarandre utan å klaga*, står det i vers 9. Kvifor er gjestfridom viktig? Og kva effekt har det om ein er gjestfri, men samstundes klagar?



Bøn

### Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at vi er utrusta på så mange ulike måtar, og at han har bruk for kvar og ein av oss.
2. Be om hjelp til å bruke gåvene våre til beste for våre trussøskan og for våre naboar, vennar og bekjente.
3. Be gjerne for kvarandre, og for dei tinga som gjer det vanskeleg å bruke gåvene våre slik dei er meint.